

Vedtekter for Fjelberg Kraftlag SA

(Vedtekne på ordinært parteigarmøte, 19.april 2010)

§ 1. Namn

Føretaket sitt namn er Fjelberg Kraftlag SA.

§ 2. Føremål

Fjelberg Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirkeføretak med skiftande medlemstal og kapital.

Medlemene er ikkje ansvarlege andsynes føretaket sine kreditorar for gjelda til føretaket.

Føremålet til selskapet er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i forsyningsområdet gjennom å:

- a) eiga eller delta som eigar av produksjonsanlegg for energi, infrastruktur for energiforsyning og elektronisk kommunikasjon.
- b) omsetja elektrisk energi, eller delta i selskap for slik omsetning.
- c) forvalta laget sin kapital slik at den gjev ei langsiktig og stabil inntekt.
- d) driva, yta midlar til, eller eiga anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet.
- e) delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt forsyningsområde.

§ 3. Forretningskontor

Fjelberg Kraftlag SA sitt forretningskontor er i Kvinnherad kommune.

§ 4. Medlem

- 4.1 Medlemskap skal lyda på namn og fødselsdato eller føretaksnamn og føretaksnummer.
- 4.2 Alle personar som er busette i, eller organisasjonar med forretningsadresse i Fjelberg Kraftlag sitt forsyningsområde, og som kjøper varer eller tenester frå laget, kan vera medlem.
- 4.3 Medlemsskap kan overførast til ein ny medlem etter samtykke frå dagleg leiar.
- 4.4 Innmelding skal skje skriftleg, og den som stettar krava i § 4.2, vert rekna som medlem frå det tidspunktet medlemsinnskott er innbetalt. Styret avgjer tvistar om rett til å bli godkjend som medlem.
- 4.5 Ein medlem melder seg ut skriftleg. Saldo på medlemskapitalkonto vert då utbetalt seinast tre månader etter at utmeldinga er motteken.
- 4.6 Dersom ein medlem ikkje lenger stettar kravet i § 4.2, og ikkje melder seg ut skriftleg, jf. § 4.4, opphøyrer medlemskapen automatisk frå 31.12. i det året medlemsvilkåret ikkje lengre er stetta. Saldo på medlemskapitalkonto vert utbetalt.

§ 5. Medlemsrettar og -plikter.

- 5.1. Medlemsinnskott er fastsett til kr. 500,-. Det skal ikkje betalast medlemskontingent.
- 5.2. Berre medlemmer som er registrerte i føretaket sitt medlemsregister, har medlemsrettar i føretaket. Medlemene har fylgjande rettar:
 - 5.2.1. Rett til å verte innkalla og til å møta på ordinære og omframme årsmøte.
 - 5.2.2. Rett til å få teke opp saker på årsmøtet så langt sakene er melde inn til styret i så god tid at dei kan takast med i innkallinga.
 - 5.2.3. Rett til å røysta på årsmøtet.
 - 5.2.4. Rett til å få tilgjengelege opplysningar på årsmøtet frå leiinga.
 - 5.2.5. Rett til å få del i føretaket sitt årsoverskot ut frå medlemen sitt kjøp frå føretaket i rekneskapsåret (sjå §10).
 - 5.2.6. Andre rettar som følgjer av lova eller av vedtektene.

§ 6. Årsmøte.

- 6.1. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 30.juni.
- 6.2. Ordinært årsmøte vert kalla inn etter Lov om samvirkeføretak §§ 44 - 47. Innkallinga skal sendast slik at den til vanleg er komen fram seinast ei veke før møtet skal haldast. Styret kan kalla inn til ekstraordinært årsmøte.
- 6.3. Innkallinga skal opplysa om at saksdokumenta er tilgjengelege på selskapet sine nettsider og vert utsendt til dei medlemmer som ber om det.
- 6.4. Dersom revisor eller minst ein tidel av medlemene set fram skriftlig krav om ekstraordinært årsmøte, skal styret innan ein månad frå kravet er fremja, kalla inn til slikt møte. Innkalling skal skje med varsel på ei veke, og etter same reglar som for ordinært årsmøte.
- 6.5. Ordinært årsmøte skal sjå til at føremålet med laget vert fremja i samsvar med vedtekter og tidlegare vedtak frå årsmøte.
- 6.6. Møteleiar vert vald av styret.
- 6.7. Det skal førast protokoll frå årsmøta. På kvart møte vert to av dei frammmøtte valde til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.
- 6.8. Årsmøtet har desse gjeremåla:
 - 6.8.1. Godkjenna årsrekneskap og årsmelding, under dette disponering av årsoverskot eller dekking av eventuelt underskot. Det kan ikkje vedtakast å avsetja meir til etterbetaling/forrenting enn det som styret føreslår.
 - 6.8.2. Velja styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer til styret og fastsetja godtgjersle til styret. Velja valnemnd etter framlegg frå styret og fastsetja retningslinjer for valnemnda.
 - 6.8.3. Tilsetja og fastsetja godtgjersla for revisor.
 - 6.8.4. Gjera vedtak i andre saker som styret legg fram for årsmøtet.
 - 6.8.5. Årsmøtet avgjer sakene med simpelt fleirtal av dei avgjevne røystene når ikkje anna er sagt i lov. Ved likt stemmetal gjeld det som møteleiaren sluttar seg til (gjeld ikkje ved val og tilsetjingar).

- 6.9. Kvar medlem har éi røyst på årsmøtet. Ein medlem kan dessutan røysta som fullmektig for ein (1) annan medlem. Personar som har medlemskap saman, kan berre gje ei røyst. Jf. Lov om samvirkeføretak §36.
- 6.10. Elles gjeld reglane i kapittel V i Lov om samvirkeføretak, for årsmøtet.

§ 7. Styret

Val av styre:

- 7.1. Fjelberg Kraftlag SA skal ha eit styre samansett av styreleiar og 4 styremedlemer med 3 varamedlemer.

Årsmøtet vel styreleiar ved særskild val kvart år.

Årsmøtet vel styremedlemer for 2 år om gongen og 3 varamedlemer i rekkje, valde for kvart år. (dvs. at årsmøtevalde varamedlemer ikkje er personlege varamedlemer for den einskilde styremedlemen.)

Ein observatør til styret, med personleg varamedlem, begge valde for 2 år, skal veljast av og blant dei tilsette i kraftlaget. Observatøren har tale- og forslagsrett.

- 7.2. Dersom ingen får meir enn 50% av dei avgjevne røystene i første valomgang, vert det omval mellom dei to som har flest røyster. Dersom det vert likt røystetal ved omval, vert valet avgjort ved loddtrekking.
- 7.3. Personval skal vera skriftleg dersom det føreligg forslag på fleire kandidatar.
- 7.4. Styret vel nestleiar for eit år.

Styret sine gjeremål:

- 7.5. Styret skal leie føretaket etter reglane i kap. 6, II og III i Lov om samvirkeføretak.
- 7.6. Styret skal gjera framlegg for årsmøtet om kandidatar til valnemnda.
- 7.7. Leiaren i styret, saman med ein styremedlem, bind laget med underskriftene sine. Styret kan gje prokura.

§ 8. Valnemnd

Fjelberg Kraftlag skal ha ei valnemnd på 3 personar, kvar med ei funksjonstid på 3 år og slik at ein medlem står på val kvart år. Valnemnda skal gjere framlegg til årsmøtet om styreleiar, styremedlemer og varamedlemer. Valnemnda si innstilling skal vera skriftleg og kunngjerast saman med innkallinga til ordinært årsmøte.

§ 9. Disponering av overskot

Styret kan gjera framlegg til årsmøtet om at ein del av årsoverskotet skal avsetjast til etterbetaling til medlemene. Føresetnaden for at det kan gjerast vedtak om etterbetaling er at vilkåret om forsvarleg eigenkapital er stetta.

§ 10. Etterbetaling

Etterbetaling kan berre gjerast til laget sine medlemmer, og etterbetalinga skal skje i høve til medlemene sitt kjøp av ordinære varer og tenester frå laget i det aktuelle rekneskapsåret. Etterbetalingsbeløp skal overførast til medlemenes medlemskapitalkonto seinast 1 måned etter årsmøtet sitt vedtak.

§ 11. Medlemskapitalkonto

For kvart medlem skal det opprettast ein medlemskapitalkonto. Innskotet på denne kontoen utgjer innbetalt medlemsinnskot og overført etterbetalingsbeløp etter årsmøtevedtak. Det er ikkje høve for medlemene å gjere andre innskot på medlemskapitalkontoen.

Saldo på kontoen ut over innbetalt medlemsinnskot skal utbetalast til den einskilde medlem seinast 2 månader etter årsmøtet.

Kraftlaget har høve til å motrekna i medlemskapitalkontoen for uomtvista gjeld som medlemen har til kraftlaget.

§ 12. For vedtektsendring gjeld desse reglane:

Årsmøtet kan vedta å endra vedtektene med to tredelar av dei røystene som er gitt. Vesentlige vedtektsendringar krev fire femdels fleirtal. jf.§54 i Lov om samvirkeføretak.

§ 13. For oppløysing gjeld desse reglane:

Vedtak om oppløysing av laget skal skje etter dei same reglane som gjelder for vesentleg vedtektsendring.

I tilfelle det vert vedteke å løyse opp laget, vert all overskytande kapital etter at all gjeld til kreditorane er betalt, føretaket er avvikla etter lova og medlemskapitalkonti er oppgjort, overført til eit fond som har til føremål å fremja allmennyttige tiltak i forsyningsområdet til Fjelberg Kraftlag. Vedtekter for fondet, og korleis fondet skal styrast etter oppløysninga, skal fastsetjast av det årsmøtet som vedtar oppløysning av Fjelberg Kraftlag SA.

Utover dette gjeld Lov om samvirkeføretak (samvirkelova)